



Byggmester Hans Jacob Svendsen
Geble Pederssøns gate 38
5034 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2657 - 17/2923

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
17.02.2017

GBNR 52/59 - Orientering om krav for ferdigattest - Riving og gjenoppføring av fritidsbustad

Tiltakshavar: Tom Arnold Pedersen
Ansvarleg søkjar: Byggm. Hans Jacob Svendsen
Omsøkt tiltak: Omsøkt og godkjent som Rehabilitering og oppføring av tilbygg til fritidsbustad
Utført tiltak: Riving og gjenoppføring av fritidsbustad

Bakgrunn:

Kommuneadministrasjonen viser til brev av 26.5.2016 knytt til ferdigattestering av fritidsbustaden på gbnr 52/59. Etter gjennomgang av byggjesaka frå 2010, som framleis ikkje er avslutta med søknad om ferdigattest, finn administrasjonen at ein ikkje har høve til å gi ferdigattest på fritidsbustaden.

Bakgrunnen for dette er at tiltaket blei omsøkt og godkjent som rehabilitering og tilbygg av fritidsbustad. Utført tiltak, sjå vedlagt utgreiing frå ansvarleg søkjar frå 2012, er at fritidsbustaden blei rive og ny fritidsbustad oppført. Kommunen legg til grunn at tiltaket er utført i samsvar med teikningane som blei godkjent i saka og under godkjente ansvarsrettar.

Krav for ferdigattest:

Før kommunen kan utstede ferdigattest må ansvarleg søkjar/tiltakshavar gjere følgjande:

- Søke om endring av tiltaket
- Orienter kommunen om ansvarstilhøva i saka
- Søke om ferdigattest
- Sende inn kontrollerklæringar som ikkje allereie er sendt kommunen, sjå vedlegg.

Kommunen vurderer at det ikkje er trong for nabovarsling av endringssøknaden. Dette på grunn av tida som er gått og fordi tiltaket er oppført i samsvar med teikningar som har vore nabovarsla.

Ovannemnde krav gjeld i tillegg til krav om supplerings og godkjenning av søknad om utslepp og tilkopling til kommunalt vassverk.

Oppfølging og ansvar:

Sjølv om tiltakshavar har vore representert av fagkyndige føretak med ansvarsrett i denne saka, er det plan- og bygningslova sitt system at tiltakshavar sjølv i tillegg er ansvarleg for at krav stilt i eller i medhald av lova blir overhalde.

Dersom kommunen ikkje motteke ovannemnde informasjon/søknadsskjema innan 10.3.2017, vil kommunen vurdere oppfølging av tiltaket i medhald av plan- og bygningslova kap 32 (ulovlege tiltak). Det synast å vere eit faktum at tiltaket er oppført utan tilstrekkeleg godkjenning og teke i bruk utan ferdigattest.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kontrollerklæringar - GBNR 52-59

Sender i e-postmelding – GODKJENNING - LØYVE TIL OPPFØRING AV TILBYGG OG RENOVERING AV HYTTE PÅ KÅRBØ, GNR 52 BNR 59. (L)(311384)

GODKJENNING - LØYVE TIL OPPFØRING AV TILBYGG OG RENOVERING AV HYTTE PÅ KÅRBØ, GNR 52 BNR 59. (L)(311384)

Tom Pedersensvarbrev vedr klagerx.pdf (L)(238512)

ENDRING AV SØKNAD RIVING AV EKSISTERENDE HYTTE, OPPFØRING AV NY PÅ GNR 52, BNR 59 (L)(370259)